

# Referat frå Samarbeidsutvalet ved Ulveset skule

## Tysdag 12.02.19 kl. 18.00-20.00

### Til stades SU:

Cecilie Mangerøy: FAU-leiar  
Grethe Olsen Sagvåg: SU-representant lærar  
Nina Gregersen, lærarrepresentant  
Giske Kjeilen Moss: SU-representant andre tilsette  
Steinar M Heggen: Politisk representant  
Mathilde Sandvik: Elevrådsrepresentant  
Marte Brommeland: Elevrådsleiar  
Marte Tveten: Elevrådsleiar  
Kjetil Nordås: Rektor

Fråvær: Trine Helen Solberg: FAU-representant

SMU-leiar Anja Ulveseth Heggen har bede om at skulemiljøutvalet utset møtet, då dei ikkje har nye saker dei ynskjer å ta opp med skulen.

### **Agenda:**

1. Rektor informerer
  - læringsmiljøteam
  - alternativ opplæringsarena
  - utviklingsfokus: klasseleiing og fagfornyninga
  - resultat frå elevundersøkinga
2. Elevråd informerer / saker frå elevråd
3. FAU informerer / saker frå FAU
- 
4. Tilbakemeldingar frå skule/heim ift handheving av ordensreglementet.
5. Innspel frå SU til arbeidet med læringsmiljøplan
6. Diverse (innmeldt i møtet)

### **1) Godkjenning av referat frå 11.12.18.**

Referat godkjend utan merknader.

### **2) Rektor informerer:**

Framleis stort fokus på elevmiljø. Å utarbeide rutinar ved vald og truslar har vore førsteprioritet. Vi har sett ein nedgang ved denne typar hendingar etter nyttår, men framleis skjer det. Med rutinar der leiinga skal involverast i stor grad i elevsaker og elevoppfølging har ført til at elevsaker opptar ein stor del av arbeidet til rektor og avdelingsleiar. Mange saker/konflikter/enkelthendingar får etterspel etter det nye ordensreglementet.

Det er viktig for rektor at FAU er medvitne på kommunikasjonen til foreldre i slike saker. Skulen skal først og fremst handtere situasjonen, og deretter følgje opp i etterkant. Dersom nokon slår, sparkar eller truar med drap etc skal det vurderast bortvisning og det skal vere eit møte mellom rektor, elev og foreldre. Enkelte foreldre syns dette er vanskeleg, fordi det var ein foranledning, eller ligg ein historie til grunn. Nokre foreldre ber sågar barna sine slå tilbake. Det er viktig at vi får oversikt og handterer dette også, men det betyr ikkje at det var rett å utøve vald eller true. Dette skal skulen gjere sitt ytterste for å finne ut av, men vi skal også handtere kvart brot. Ofte må det undersøkast. Ein kan ikkje vente med å agere mot vald og truslar i påvente av det. Eit møte med foreldra vil også vere eit høve for foreldre og barn til å kome med eit meir utfyllande bilete.

### Psykososialt team:

Det som tek mest tid i høve til elevmiljøet er bekymringar på paragraf 9A (elevane sitt psykososiale miljø). Det er opna saker på mobbing/krenking og på trivsel. Enkelte av sakene er komplekse og krev svært mykje ressursmessig ift observasjon og undersøkingar. Sakene blir opna etter melding frå foreldre, elevar, lærarar eller ved analyse av undersøkingar.

PS-teamet består av rektor, avd.leiar, miljøterapeut, SFO-leiar og lærarrepresentant. Jobbar med å få med helsesyster også.

PS-teamet handterer 9A-sakene, frå melding/bekymring til undersøking og gjennom ein evt aktivitetsplan. Kontaktlærer skal heile tida vere påkopla. PS-teamet har koordineringsmøte kvar veke. Medlemmane på henholdsvis mellom- og småtrinnet møtes jamleg.

PS-teamet jobbar både handterande og utviklande. Vi utviklar ulike rutinar og metodar for undersøking. Beredskapsteamet er inne i enkeltsaker. Dei støttar føresette og bistår skulen i undersøkingsfasen og i utarbeidinga av tiltak i ein aktivitetsplan.

Leiinga er tydeleg på å vere aktive i avdekinga, noko som har ført til ei opphoping av saker som har vore liggjande ei stund utan å formelt vere meldt som 9A-sak.

### Alternativ opplæringsarena (meistringsarena)

Ikkje alle elevar meistrar skulekvardagen i klassen. Rektor såg tidleg behovet for at nokre av elevane på skulen skulle hatt tilbod om å få delar av opplæringa si på alternative arenaer. Vi har elevar på Pers gard og på TAM. Tidlegare har elevar fått vere ein dag i veka på Leitet gard og hjå Kjellien. Dette er tiltak som mange har stor glede av, der ein kan lære seg ting på ein annan måte, og der ein får eit avbrekk frå ein skule ein kanskje ikkje meistrar. Desse tilboda er svært kostbare, kjem berre nokre få til gode og har begrensa overføringsverdi inn i skulen.

Arbeidet med ein alternativ opplæringsarena på skulen er godt i gang. Rektor, miljøterapeut og spes.ped.koordinator har vore sentrale i arbeidet, saman med beredskapsteamet i kommunen. PPT har også delteke. Vi har hatt fire stormøte, og utviklar tydelege planar for den enkelte elev. Praktisk fagleg tilnærming, rutinar, sosial kompetanse, åtferdsregulering og ikkje minst livsmeistring og auka sjølvbiletet er dei viktigaste prinsippa.

Vi har tilsett ein barne- og ungdomsarbeidar og har akkurat fått godkjend ombygging av tekstilrommet til dette formålet. Opplegget er i gang, og håper sjølve rommet står ferdig til vi startar etter vinterferien.

### Læringsmiljøteam:

Består av rektor, avd.leiar, Benedicte og Toril (utviklingsgruppa), samt miljøterapeut Beate og elevrådskoordinator Cathrine. Læringsmiljøteamet si hovudoppgåve er å lage system og setje i gang tiltak som sikrar at elevane har eit godt læringsmiljø på skulen.

Læringsmiljøteamet si hovudoppgåve dette skuleåret er å lage ein læringsmiljøplan for skulen. FAU-leiar Cecilie har vore med i oppstarten, der vi har sett på kva for punkt som er viktigast å få inn. FAU skal utfordrast på dette også.

### Utviklingsarbeid (utviklingsfokus):

Utviklingsarbeidet på lærarane si fellestid handlar om *klasseleiing*. Vi *forskar* på kva formar for klasseleiing som gir læring og trivsel. Lærarane får faglege input frå teori. Deretter reflekterer dei saman, forskar på eitt spesifikt område med elevane sine, deler med kollegaene og justerer/endrar på eigen praksis. Hovudlærdommen handlar om at klasseleiaren må eige *makta* i rommet.

Vi arbeider etter ein modell der vi studerer klasseleiing i ulike fasar av ei økt; før timen, oppstarten, gjennomføringa, avlogginga og avslutninga. Svært gode tilbakemeldingar frå lærarane. Fleire elevar uttrykkjer meir ro i oppstarten av timane.

### **4) Elevrådet informerer**

### Ting vi ynskjer:

At foreldre/besteforeldre kan vere med i undervisninga. Dei kan til dømes fortelje frå gamle dagar, med i K&H, utedag.

Frukost / graut til dei som kjem tidleg på skulen. Rektor har sagt at han ynskjer dette på rommet dei held på å lage til.

Vi har volleyballnett i gymsalen og ynskjer å få dette ut på grusbanen.

Vi vil ha kanonball som TL-leik i gymsalen.

Avslutningsball for dei som skal slutte på skulen.

Årleg skidag for mellomtrinnet, skøytedag for småtrinnet.

Elevrådet har veldig lyst på kantine, ein gong i mnd. Argument: Tilbod til dei som ikkje er flinke til å ha med mat. Variasjon i kvardagen. Belønning heimefrå. Dårleg tid om morgonen. Fin ting å gjere saman med andre elevar. Sosiale band. Elevar som slit med skulen får vere med. Gi evt overskot til ein god sak.

### Kva må skulen jobba meir med?

Det skulle vore meir å ta seg til i friminutta

Språkbruken er dels stygg blant elevane

Dårleg luft og kaldt i fleire klasserom

Enkeltelevar øydelegg undervisninga med bråk

### Kva har elevrådet/skulen fått til?

- Fleire vaktar, ved bingen og skogen
- Mindre støy i klasserommet. Stor forskjell frå tidlegare. Det er mindre sabotering av undervisninga, etter at dei nye reglane kom.
- Miljøpatruljen er i gang. Elevar frå elevrådet er med. Ei gruppe ser til småskulen og ei på mellomtrinnet i friminutta. Passar på at alle har det bra. Prøver å hjelpe til, få i gang ein leik etc. Ventar på grønne vestar.
- Chillerom på miljøbasen i kvart storefri. Elevane som er der skal kjenne seg trygge. Føle at dei kan vere seg sjølv. Trygge på at ingen skal kunne krenkje. Strenge reglar; ein blir vist rett ut derifrå dersom ein ikkje held seg til reglane eller ein lagar det utrygt. Ein vaksen er alltid til stades (lærarar, miljøterapeut, rektor har faste dagar). Miljøpatruljen deltek der.
- Klasane har fått kvar sin klassebal
- Måla er reparerte
- Skuleplassen har blitt rydda
- Vi har fått musikk i storefri.
- Gode elevrådsmøte
- Godt møte med rektor, som lyttar og kjem med forslag.

Rektor ynskjer at dei tiltaka elevrådet får til skal lagast på ein slik måte at dei fremjar elevmiljøet.

Rektor ynskjer også at elevrådet søker rektor og ber rektor inn på møte for å diskutere og finne praktiske løysingar på spesifikke ynskje.

### Zero:

Elevrådet ynskjer å male Zero-veggen på nytt. Det står namn på mange som har slutta skulen for lenge sidan.

Elevrådet lurar på kvifor foreldregruppa ikkje ynskjer Zero-begrepet lengre.

FAU-leiar svarer: Elevane får behalde Zero-begrepet om dei vil, men mange foreldre har dårlege minne/erfaringar frå dette. Kjenner at det ikkje har meining.

Elevrådet har ulike forslag som kan erstatta Zero:

Blime(d), Stopp, Mot, Null, Sjå, Blisett.

Elevrådet fortel at Zerosamlingane blir jobba meir med mellom samlingane no enn før, og at dei er nyttige for elevmiljøet. Rektor seier at det jobbast med å følgje opp slik at kvaliteten på oppfølginga er like god i alle klassar..

## 5) Saker frå FAU

Førre FAU møte var eit spesielt roleg møte som var prega av god stemning.

### a. Tilbakemeldingar på det nye ordensreglementet / elevhandtering

- *Eit einstemmig FAU støtta ordensreglementet som vart vedteke i SU.*
- *FAU er svært positive til at det er eit system for elevhandteringa og at negativ elevåtferd av alvorleg art blir løfta opp til leiinga.*
- *Dei føresette fortel at elevane melder om færre negative episodar då elevane er redde for konsekvensane, noko dei gjerne ikkje var før.*
- *Nokre foreldre stilte spørsmål ved kor konsekvente ein skulle vere ift sanksjonar ved truande åtferd, då nokre elevar kan true i leik / ifb med spel utan å meine noko med det.*
- *FAU ynskjer at skulen har særleg fokus på inspeksjon, då det er ein del konflikter i friminutta.*

*Rektor svarer:*

Det er viktig at elevar og foreldre opplever at ordensreglementet blir følgd. Utydelege reglar eller reglar som berre sporadisk blir følgd opp vil skape usikkerheit og verke mot si hensikt. Leiinga har difor vore svært tydeleg på at det skal vere lav terskel for lærarane til å melde frå til rektor/avd.leiar om slike hendingar. Ordensreglementet har sin hovudeffekt i å vere førebyggjande og tryggjande, meir enn sjølve sanksjonen.

Når vi opplever situasjonar med vald, truing eller konflikter, vil vi alltid gjere vårt beste for å få oversikt over situasjonen og avklåra eventuelle misforståingar; og begge/alle partar vil bli snakka med. Det er viktig at barna lærer at truing, uansett intensjon vil få konsekvensar elles i livet, og det er lurt at dei får ein forsmak på dette no og ikkje seinare.

Inspeksjonsrutinane er gjennomgått sidan sist møte, og inspeksjonsplanen er utvida med eitt område; skogen. I tillegg har vi ute ekstra vaksenstøtte i høve til enkeltelevar og enkeltsaker.

## 6) Sak frå skulen: Innspel til Læringsmiljøteamet i arbeidet med læringsmiljøplan

Rektor og FAU-leiar informerte om prosessen rundt utforminga av læringsmiljøplan, og om dei viktigaste hovudpunkta. Cecilie tar med dette til neste FAU-møte for innspel frå foreldra til kva læringsmiljøplanen bør innehalde.

Avslutningsvis vart det understreka både frå FAU og skulen at ein open dialog med skulen er viktig.

Neste møte vert **11. april 2019. kl. 18-20**

*Referent: Kjetil Nordås, konstituert rektor*